



Arkivnr: 2014/22282-43

Saksbehandlar: Tale Halsør

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		29.01.2015

Endring i naturgassloven

Samandrag

Som ei følgje av at EUs tredje energipakke vert innlemma i EØS-avtalen, har Olje- og energidepartementet gjort ei vurdering av endringar i det norske lovverket knytt til den innalandske gassmarknaden. Forslag til endringar i naturgassloven er no på høyring, med frist 23. januar 2015.

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet i Hordaland støtter Olje- og energidepartementet sitt framlegg om endringar i naturgassloven.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Høringsnotat lovendringer GMD III 26.11.2014.docx(635080)

Fylkesrådmannen, 12.01.2015

Som ei følgje av at EUs tredje energipakke vert innlemma i EØS-avtalen, har Olje- og energidepartementet gjort ei vurdering av endringar i det norske lovverket knytt til den innalandske gassmarknaden. Forslag til endringar i naturgassloven er no på høyring, med frist 23. januar 2015. Dei viktigaste endringane er skissert under.

Nasjonal reguleringsmynde

Direktivet krev at alle medlemslanda peikar ut éitt felles reguleringsmynde for gass- og elektrisitetsmarknadane. Institusjonen skal vere uavhengig frå bransje og politikk. NVE har i dag reguleringsmynde for den nedstraums gassmarknaden i Noreg, ved sidan av elektrisitetsmarknaden. OED føreslår at NVE skal halde fram med denne rolla. Det vil vere behov for lovendringar i naturgassloven for å sikre NVE ein friare posisjon frå OED. Vidare vil NVE få tilført fleire oppgåver som ein konsekvens av direktivet.

Sjølvstendig klageinstans

OED er i dag klageinstans for vedtak i NVE. Det er behov for ein uavhengig klageinstans og OED har føreslått endringar i lova for oppretting av ei sjølvstendig klagenemnd.

Distribusjon av naturgass

Direktivet legg opp til eit effektivt, òg eigarmessig, skilje mellom verksemdar som produserer og forsyner naturgass på den eine sida og dei som overfører naturgass i røyrnett. Dette har ein parallell i forslaget om strengare skilje mellom kraftprodusentar og nettselskap i kraftsektoren. Det er vidare endringar for å sikre at alle partar får tilgang til gassrøyrnettet på like vilkår. Dette for å sikre konkurranse i marknaden. I Noreg er det i svært liten grad bygd ut eit røyrnett for transport av naturgass. Endringa i lovverket vil av den grunn ikkje få konsekvensar for den norske marknaden i dag, men er føreslått for eventuelle endringar i distribusjonssystema i framtida.